



## Fyresdal kommune

Arkiv: 2014/1533-1  
 Saksmappe: 2014/1533-1  
 Saksbeh.: Ketil O. Kiland  
 Dato: 04.12.2014

### Saksframlegg

#### Høyring av utkast til ny postlov

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	101/14	11.12.2014

#### Endeleg vedtaksrett i saka har:

Kommunestyret.

#### Dokument i saka:

- [www.postdirektivet.no](http://www.postdirektivet.no)
- [www.regjeringen.no/sd](http://www.regjeringen.no/sd)

#### Bakgrunn for saka:

Forslag til ny postlov med forskrift er sendt ut på høyring med frist til å gje innspel 26. januar 2015.

#### Vurdering:

*Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2014 - 2017/måla i budsjettet for 2014 der det heiter; Auke folketalet for å trygge offentlege og private tilbod.* Regjeringa har sendt forslag til ny postlov på høyring med frist til 26. januar 2015 for å avlevere høyring. Lova opnar for full konkurranse på postmarknaden og implementerer EUs tredje postdirektiv.

Ein god infrastruktur som omfattar gode posttenester er avgjerande for alle kommunar og fylkeskommunar. Kommunane er avhengig av at folk og næringsliv har gode vilkår. Ei svekking av det lokale næringslivet sine moglegheitar rammar i neste omgang busettingsgrunnlaget. Regjeringa sitt forslag til ny postlov, og innføring av EUs tredje postdirektiv, vil gjere det vanskelegere å oppretthalde den desentraliserte næringslivs- og busettingsstrukturen vi har i Norge.

Med saka i Nome om ikkje å køyre ut post til husstandar som bur med færre enn tre postkasser per kilometer friskt i minne og staten engasjement for å får prøva denne saka oppover i rettsapparatet er det grunn til å frykte at ein med å overføre makt frå Storting til departement får ei avpolitisering som vil ramme distrikta. Dette vil kunne føre til at både næringsliv og innbyggjarane ute i distrikta vil få dårlegare vilkår enn elles i landet. Dette vil alt fort kunne få konsekvensar for busettinga i distrikta.

Konsekvensane kan såleis bli store i ei tid der distrikta også elles er sett under press på mange vis og der ein for tida opplever generell tilflytting til meir bynære område.

Viktigaste innvendinger mot lovforslaget:

- "Enheitsportoer" og eineretten til Posten Norge gjer at vi har eit spleiselag som syter for gode og likeverdige posttenester til lik pris i heile landet. Regjeringa fjernar "enheitsportoer" for 90 % av sendingane og opphevar eineretten. Det vil føre til dårlegare og dyrare posttenester, spesielt for næringslivet i distrikta.
- Konkurrentane vil gå med post der det er mest lønsamt, og overlate resten av postomberinga til Posten Norge.
- Regjeringa har ikkje berekna kor mange statlege milliardar den nye postpolitikken vil koste.
- Regjeringa kuttar ut postomdeling på laurdagar, (men held døra på gløtt for fortsatt utlevering av aviser).
- Stortinget skal ikkje lenger bestemme postpolitikken i Norge. I lova blir det foreslått at det er departementet som i hovudsak skal bestemme. Dette er ein avpolitisering.
- EU har sjølv konkludert med at postdirektivet ikkje har gitt billigare og betre tenestar i EU-landa.

### **Konklusjon:**

Fyresdal kommune stiller seg tvilande til om ei ny postlov med det forslaget som nå ligg føre vil tene landet under eitt. Fyresdal kommune ser at ei ny postlov vil kunne ramme distrikta med eit dårlegare tilbod enn landet elles.

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune meiner at ny postlov ikkje må vere med på å svekke næringsliv og busetting ute i distrikta. Det er viktig at alle innbyggjarane i heile landet får tilnærma like posttilbod til same pris uavhengig av kor dei bur. Det er da viktig at Stortinget sikrar dette med fortsatt å bestemme postpolitikken i Norge.

### **Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2014**

#### Tilleggsframlegg frå ordføraren:

Fyresdal kommune sluttar seg til Vest-Telemarkrådet sitt høyrings svar til ny postlov med foreskrifter.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen med tilleggsframlegget frå ordføraren.

### **Vedtak i Kommunestyret - 11.12.2014**

Fyresdal kommune meiner at ny postlov ikkje må vere med på å svekke næringsliv og busetting ute i distrikta. Det er viktig at alle innbyggjarane i heile landet får tilnærma like posttilbod til same pris uavhengig av kor dei bur. Det er da viktig at Stortinget sikrar dette med fortsatt å bestemme postpolitikken i Norge.

Fyresdal kommune sluttar seg til Vest-Telemarkrådet sitt høyrings svar til ny postlov med foreskrifter.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Ketil O. Kiland
	Rådmann



Det kongelige samferdselsdepartement  
postmottak@sd.dep.no

9. desember 2014

## Utkast til ny postlov. Høyringsuttale frå Vest-Telemarkrådet.

Vi viser til departementets brev av 22. oktober 2014 og ber om at fylgjande merknader vert lagt til grunn i samband med endeleg utforming av den nye postloven:

### Merknad til § 7: Leveringspliktige posttenester - utlevering 6 dagar pr. veke.

**Loven lanserer 2 alternative forslag til utlevering av aviser i abonnement. Vest-Telemarkrådet ser det som avgjerande for distrikta å velge alternativ 1 med utlevering 6 dagar pr. veke.**

#### Grunngjeving.

Kravet om utlevering 6 dagar pr. veke grunngjev vi med at 15% av landets husstandar ikkje er omfatta av distribusjonsnett for aviser, og at det i lang tid framover vil vera ei rekkje personar som ikkje har interesse/adgang til å lese avisene på nett.

Avisdistribusjon på laurdagar er også ein del av livsgrunlaget til lokalavisene. Laurdagsdistribusjon bidreg til å oppretthalde talet på abonnentar, og fører til at avisene kan vidareføre si viktige samfunnsrolle.

Mogleg bortfall av avisdistribusjon på laurdagar vil særleg ramme distrikta.

### Merknad til § 19 Utleveringspostkasse - justert ordlyd

**Setningen: "Det kan gjøres unntak fra avstandskravene i første ledd i særlige tilfeller når det:" foreslås endra til: "Det kan gjøres unntak fra avstandskravene i første ledd når det:"**

(altså stryke "i særlige tilfeller".)

**Etterfylgjande punkt 1 som i forslaget lyder:" er færre enn 3 faste helårlige boliger og / eller næringsvirksomheter i gjennomsnitt pr. km" foreslås endra til:**

**"er særlig spredt bosetning der utleveringsplikten vil være urimelig kostnadskrevende".**

**Vi foreslår også å stryke fylgjande setning: " I vurderingen av om det skal gjøres unntak, skal det legges avgjørende vekt på om endret plassering av utleveringspostkasse vil bidra til rasjonell postomdeling"**

#### Grunngjeving.

Tilgang til postkasse ved eller i nærleiken av bustadsadresse er avgjerande for mange om dei skal få post/aviser dagleg, slik lovens intensjon forutset. I merknadene til § 8 heiter det dessutan:

*"Spredt bosetning er som hovedregel ikke å regne som et særlig geografisk forhold som begrenser leveringsplikten".*

---

Telefon: 415 52 775

E-post: kgh@vest-telemark.no

Bank:

2660.65.03724

Web: www.vest-telemark.no

Adresse:

Kviteseidgata 18

3850 KVITSEID

Formuleringa om at unntak frå avstandskravet kan gjerast i **særlige tilfeller** er lite presist og åpnar for skjønn og ulik praksis frå tilbyder.

Kravet om at det skal leggjast avgjerande vekt på om endra plassering vil føre til meir rasjonell omdeling har liten verdi. Dette vil med rette kunne seiast i alle tilfeller der ein slepp å køyre inn på ein avstikkar. Såleis vil unntaksregel nr. 1 lett kunne gjelde alle stader der det er færre enn 3 husstandar i gjennomsnitt per km.

Omfanget blir då langt større enn det som synest å vera lagt til grunn i dette lovutkastet. Derfor bør unntaksregel nr. 1 endrast, men slik at “myndigheiten” kan gjeva unntak når det medfører klårt urimelege kostnader, jfr. § 8.

Venleg helsing  
Vest-Telemarkrådet

Jon Svartdal  
Regionordførar

Kjell Gunnar Heggnes  
Regionrådsleiar